

Der det nye livet lever – **Visitasforedrag Knarvik og Lindås 26.10.25**

Der det nye livet lever, der tar ingen veier slutt.

Denne songen stemde vi i under Kvilepuls-samlinga i Lindås kyrkje onsdag kveld.

Denne veka har eg fått erfare at det spirer og lever mykje nytt liv – både i Knarvik og på Lindås.

Og jammen har de mange vegar òg!

Dette visitasforedraget skal oppsummere noko av det eg har sett og opplevd desse dagane.

Ordet biskop kjem frå gresk *episkope*, som tyder å ha syn for – eller å sjå til. Eg kjenner at eg verkeleg har fått sjå mykje av livet i både Knarvik og Lindås under visitasen.

Det heile starta onsdag morgon med ei samling for begge stabane, der kyrkjeverja òg var til stades. Eg møtte kompetente og dyktige folk som arbeider hjå dykk. Alle uttrykte glede over eit godt arbeidsmiljø med gjensidig respekt og stor takhøgde for ulike personlegdomar.

Noko som slo meg, var den felles forståinga av kva det vil seie å arbeide i ein kyrkjelyd, med sterk vilje til å tenkje på tvers av profesjonar, og til å arbeide saman om både kyrkjemusikk, undervisning, diakoni, forkynning og gudstenesteliv.

Dei kyrkjelege tilsette i kommunen er organiserte på 6 lokasjonar – 5 lokalt i sokna + drift i Lonsvegen. Dette er ei god organisering som gjer at kyrkja vert lokal. Og i tillegg svarer den godt til kommunen si organisering med region-, nær- og lokalsenter.

På ettermiddagen reiste vi til Lindås og fekk vere med på Kvilepuls i kyrkja. Der fekk vi senke skuldrane og bli tekne med inn i eit landskap av song, samtale og musikk. Det var fint å møte folk på kyrkjekaffien etterpå – eit slikt arrangement er eit verdifullt supplement, særleg når det ikkje er mogleg å ha gudsteneste kvar søndag. Det var verkeleg ei stor oppleving.

Tusen takk til dykk som held hand om dette arbeidet!

Torsdagen starta med morgonbøn i Hundvin kyrkje

Det engasjementet bygdefolket har vist ved å byggje kyrkja på eiga hand, er imponerende. Eg fekk òg høyre om den fine tradisjonen med at 17. mai-toget endar opp ved kyrkja – det seier mykje om samhald og om kyrkja si rolle i bygda.

Etterpå gjekk turen til skulen, der eg møtte 1.–4. klasse og fekk vere med på mi første “muntlege prøve”.

Barna stilte kloke og underfundige spørsmål – mellom anna om folk blir til ei sky når dei døyr!

Høgdepunktet var då koret Non Stop entra scena med både solistar, bevegelsar og flott song. Det er verdifullt å ha medarbeidarar som får til slikt samarbeid med skulen.

På ettermiddagen fekk vi ein vakker biltur til Myking kyrkje, kyrkja med den gode akustikken som mellom anna gjev rom for flotte konsertar.

Eg håpar de også finn god bruk for bedehuset som soknet har fått i gåve, og at det kan bli til styrke for arbeidet i og ved kyrkja.

Vi fekk òg ei lita naturoppleving då vi gjekk bortom munketrappa – ei vandring langs gamle stiar, med spor etter dei som har ferdast der i mange hundre år.

Torsdagskvelden var det sokneråda sin tur.

Prosten leia oss gjennom den innhaldsrike visitasmeldinga, og sokna fekk gje attendemeldingar på kva dei høyrde frå det andre rådet sitt arbeid. - Ei nyttig og lærerik øving som eg håpar var til inspirasjon.

Og i samrådsmøtet mellom dei to sokneråda gav vi også god til til å sjå på utfordringsbiletet framover.

Fredag morgon besøkte vi Knarvik ungdomsskule – og eg måtte opp til “muntleg eksamen” igjen – i tiande klasse denne gongen.

For ein gjeng kloke og reflekterte ungdommar de har. Det er alltid inspirerende å møte dei, og kjekt å sjå kor opptatt dei er av både tru, vitskap og religionsdialog.

Det er eit teikn på tillit at biskopen og fylgjet får kome inn i skulane. Det tyder på at dei tilsette i stabane som har dette området som sitt ansvar, gjer det med kompetanse og kløkt, og bygger gode relasjonar.

Vi fekk stadfesta at det er eit godt og tillitsfullt forhold mellom kyrkje og skule, både på Lindås og i Knarvik.

Samtalen med rektor på ungdomsskulen gav innsikt i utfordringar som også er kyrkja sine, og desse må de ikkje legge bort, men samtale om også i tida som kjem.

Så gjekk turen til rådhuset, der vi møtte ordførar og kommunedirektør.

De har kloke og vise leiarar i Alver kommune, og eg opplevde at vi deler ei felles forståing av utfordringane i samfunnet. Eg er oppteken av kyrkja si rolle som verdiberar og kulturberar, men òg av kyrkja si rolle i beredskapssamanheng. Der har vi mykje å bidra med – og det blir godt motteke.

Tida vi lever i har med seg utfordringar som vi ikkje har sett på mange ti-år. På ein annan måte må vi vere årvakne og ruste oss for scenarier vi helst ikkje vil sjå, både menneskeskapte og det som følgjer av naturkatastrofer. Kyrkja har eit auka fokus på at vi har kompetanse og kvalifiserte medarbeidarar som er viktige i dette. Vi er alt kome eit godt stykke på veg, og melder oss til teneste i kommunens krise- og beredskapsarbeid. Prosten og kyrkjevevja spelar nøkkelroller i dette samarbeidet.

Det er ein styrke for kyrkja i Alver at kyrkjevevja og fellesrådet evnar å organisere og leie medarbeidarane godt, og at gravplassane og gravlegging vert følgt opp og utvikla på ein god måte. Fellesrådet har god oversikt og fylgjer vedtekne planar for vedlikehald av kyrkjene. Dette skaper tillit hos kommunen når stadig knappare kommunale midlar skal fordelast.

Kyrkja er ein samfunnsaktør og skal vere ein truverdig medvandrar i lokalsamfunnet. Eg set pris på å høyre at både Lindås og Knarvik har engasjement og tiltak for dei mange flyktningane i sine sokn og i kommunen. Og har alt nemnt kyrkja si rolle i beredskap. Eg synest de i Knarvik har ei flott haldning: “Vi har huset – kom og bruk det.” Knarvik kyrkje er verkeleg ei 7-dagars kyrkje, slik de ynskte å få til då kyrkja vart vigsla i 2014. Kyrkja fungerer også som eit ope kulturhus med mange konsertar, seminar og godt samarbeid med lokale aktørar som KnarvikMila. Dette seier mykje om openheit og tenestevilje blant tilsette og i soknerådet.

Som del av visitasprogrammet vart det òg bedriftsbesøk – og eg fekk gleda av å besøkje NMS Gjenbruksbutikk. Tenk, over 70 frivillige er engasjerte i arbeidet der!

Det er imponerande at så stor del av inntekta går direkte til misjonen. I tillegg har butikken ei viktig samfunnsbyggjande rolle som møtestad, og ikkje minst ein grøn profil gjennom gjenbruk.

På ettermiddagen bar det ut til Lygra, men fyrst med ein stopp ved Seim kyrkje og Håkonshaugen.

I Lygra fekk vi informasjon om kyrkja, og så var vi inviterte til Lyngheissenteret og vi fekk et møte med kystpilgrimsleiea. At Olav Haraldsson var her i 1026, er noko vi må få brukt og gjort noko ut av.

Fredagskvelden vart avslutta i Knarvik kyrkje saman med ungdommar frå Follow Me-nettverket. Der møtte vi reflekterte og engasjerte ungdommar som gjer ein viktig innsats som leiarar i barne – og konfirmantarbeidet i sokna

En vandring har tatt til

Desse dagane har vore tette og innhaldsrike – men også lærerike og meningsfulle.

Under møtet med sokneråda enda vi opp med fire punkt som eg vil stanse litt ved og gje nokre utfordringar:

Gudstenesta:

Sidan 2019 har de hatt nye sokneråd – Lindås med eitt sokn og tre kyrkjer, Knarvik med eitt sokn og fire kyrkjer. De har kome langt i å bygge nye samarbeidsrelasjonar på kort tid, sjølv med korona midt oppi alt.

Det tek tid å endre kultur og å byggje eit felles “vi”. Dette gjeld ikkje berre for sokna, men for heile Alver kommune.

Det som slår meg, er at sjølv om Lindås og Knarvik er ulike, har de ei offensiv og god tilnærming til arbeidet.

Vi kunne drøyme om gudstenester i kvar kyrkje kvar søndag, men det let seg ikkje gjere ut frå ressursane. Samstundes må vi erkjenne at oppmøtet på gudstenester ofte er lågt – om det ikkje er dåp eller noko spesielt som skjer. Difor er det viktig med ei klok fordeling og rytme som fungerer for alle kyrkjelydane.

Eg ønskjer at kyrkjebyggja skal vere sterke identitetsmerke for bygda og folket. Samstundes ligg identiteten til soknet ikkje berre i bygget, men i fellesskapet mellom menneska.

Det er gledeleg å sjå at mange tenkjer “eitt sokn – fleire kyrkjer”. Men dette tek tid å bygge, og vi må halde fram å minne kvarandre på det.

Trua vår er personleg, men ho skal òg leve i fellesskapet.

Der to eller tre er samla, er Jesus midt iblant oss.

Krafta i fellesskapet gjeld ikkje berre gudstenester, men òg samlingar som Kvilepuls, salmekveldar og andre møte i Jesu namn. Her ligg eit stort potensial til å byggje ein ny kultur, frå fire sokn til eitt, frå eitt sokn til prostiet, vidare til den nasjonale og verdsvide kyrkja.

Utfordring til dykk:

Arbeid vidare med gudstenesteforordninga, og finn fram til ein rytme som tek vare på kyrkjelydane og som er i tråd med ressursane vi har.

Frivillig arbeid

Frivilligheita er nøkkelen til framtidens kyrkje.

Korleis kan vi skape endå større engasjement i fellesskapa våre?

Det handlar ikkje berre om å løyse praktiske oppgåver, men om at fleire får kjenne på krafta i fellesskapet – å vere del av eit større “vi”.

Eigarforhold, engasjement og forplikting heng saman.

Eg veit de er godt i gang med dette i Knarvik – de har til og med eit eige frivilligheitsutval, noko ikkje mange har! Det hadde vore spennande å høyre meir om korleis det fungerer. Kanskje Lindås – og andre i Bjørgvin – kan lære noko av dykk.

Ein viktig del av frivillig arbeid handlar òg om økonomi.

Korleis kan vi gjere det lettare for folk å gje fast til kyrkja?

Vi skal vere frimodige i å snakke om dette – ikkje mase, men fortelje om alt det gode som skjer, og inspirere til å bidra.

Utfordring:

Hald fram med det gode arbeidet med å ta vare på dei frivillige mellom dykk.

Då blir det lettare å spørje etter fleire medarbeidarar.

Kyrkja som samfunnsaktør

Eg har alt nemnt kyrkja si rolle i beredskap.

Eg synest de i Knarvik har ei flott haldning: “Vi har huset – kom og bruk det.”

Det seier mykje om openheit og tenestevilje.

Ei utfordring:

Ver frimodige og tenk korleis de kan vere truverdige medaktørar som kyrkje i lokalsamfunnet.

Barn og unge

De har eit rikt barnearbeid i begge sokna: Kor, speidar, familiemiddagar, trusopplæring og mykje meir.

Overalt vi har vore – på stabsmøte, i sokneråd, på ungdomsskule og i møte med kommunen – har det vore eit sterkt engasjement for ungdommen.

Utfordringane er mange, men løysinga ligg ofte i samarbeid.

Når vi samlar gode krefter i lokalsamfunnet, kan vi finne nye måtar å skape møteplassar på.

I Lindås har de eit flott lokale midt på senteret – kanskje det kan nyttast meir?

Kanskje i samarbeid med Misjonskyrkja, som har open hall, eller med andre lag og foreiningar?

Det same gjeld Knarvik kyrkje – for ein ressurs!

Over tusen ungdommar går forbi kyrkja kvar dag.

Eg veit ungdomsarbeid er krevjande, og eg vil ikkje leggje meir på dei tilsette, men kanskje kan noko gjerast på ein annan måte?

Kva om konfirmantforeldre får høve til å engasjere seg – som vakter eller hjelpearar på ungdomskveldar?

Kan dei lage til kyrkjekaffi?

Av ordføraren lærte vi eit nytt ord på fredag. Mange av dykk har høyrte om natteravnar. Det er trygge vaksne som går rundt i sentrum på kveldstid. Men vi treng også *vandrefalkar* – dei trygge vaksne som går saman med born og unge på dagtid, som har tid til ein prat og til å lytte. Falkane, veit de, har eit skarpt syn.

Vi treng vaksne som *ser*.

Kanskje Alver kan bli den fyrste kommunen i landet som også har ein slik ornitologi!

Utfordring:

Hald ordføraren fast i at ho vil invitere til eit møte i januar, der de saman kan sjå kva de kan gjere for ungdomane mellom oss som treng å bli sett.

Fram mot sommaren ser eg fram til å høyre frå prostens kva de har kome vidare med av desse utfordringane.

No reiser eg heim med kjensla av at eg har blitt oppriktig glad i Lindås og Knarvik sokn desse dagane.

Takk til alle som har møtt meg med smil og nysgjerrigheit.

Takk for alt som er førebudd – av program, mat og omtanke.

Takk for meg.

Eg vil avslutte med siste strofa i songen som har følgt oss gjennom desse dagane:

Det er han som eier livet, det er han vi høyrer til.

Med Jesus som vår hyrde vil vi aldri gå oss vill.

Bjergvin bispestol, 26.oktober 2025

Biskop Ragnhild Jepsen
